



Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

Møtedato: 09.02.2022
Møtestad: Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 09:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	Meldt forfall
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	Meldt forfall
Håvard Engeseth	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Robert Helland	SO	Varamedlem	Vara for Håvard Engeseth
Anne Britt Almelid	SA	Varamedlem	Vara for Liv Anne Aanensen
Marit Kristin Nese	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2022	Godkjenning av møteprotokoll
003/2022	Orienteringssaker
004/2022	Søknad om tilskot til kjøp av hjullaster - Svein Mo AS

Notat frå møtet:

001/2022: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2022: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

003/2022: Orienteringssaker

Behandling:

Ingen orienteringssaker

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

004/2022: Søknad om tilskot til kjøp av hjullaster - Svein Mo AS

Behandling:

Ordførar Kjetil Eikefet er svoger til søker, og ugild i handsaming av saka.

Varaordførar leia saka vidare. Ho stilte spørsmål om Robert Helland var ugild til å handsame saka , då han er medeigar i Modalen Sandtak A/S. Søker har mellom anna grunngeve søknaden om tilskot med auka oppdragsmengde for mellom anna Modalen Sandtak. Næringsfondstyret meinte at Robert Helland ikkje var ugild til å handsame saka, sjølv om søker sitt firma utfører oppdrag for Modalen

Sandtak.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 577 500,- i tilskot til Svein Mo AS til innkjøp av hjullastar Cat 950 M, 2019-modell. Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:

1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknad m/ vedlegg, og vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.
2. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.
3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.
4. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Vedtaket er heimla i *Vedtekter for næringsfondet* (KS-sak 045/2017) og vert gjeve som bagatellmessig stønad.
